

## Til minne

Eg finn ikkje høvande ord —  
Men ender og då kjem der godtfolk til gards  
Det hende på Eskeland, borte på Stord.  
Og mannen vart heitande Lars.

Til næringsarbeid han kom.  
Og fann vel at verdi var grenselaus stor —  
Her såg han sin morgon. Her valsa han om,  
som smågut, hjå far og hjå mor.

Men ørni med vengjene slær —  
Og flaksar i retret, vil ut og vil opp.  
Slik ungguten utover synsrandi ser,  
i lengt mot ein høgare topp.

Mot kunnskapens tindar det ber —  
Og der, frå det storfagre utsyn han såg  
at utanlandsk mål rådde grunnane her  
Hans eige i årvelte låg.

Han vart både sorgfull og harm,  
Det såra hans hjarta, det utlendske gnål.  
I kjærleik til folket — uslökkjande, varm —  
Han væpna til strid for vårt mål.

Hjå unglyden fann han sitt rom.  
Frå Skägerak-kysten til midnattsol-heim,  
frå Kjølen til Øygarden ungdomen kom  
til folkehøgskulen på Seim.

Han samla ein fylking so sterk.  
Dei loga som nykveikte var dar om land.  
For heilnorsk i skule og riksstyreverk  
dei tendra ein bureisingsbrand.

Meir verdfullt enn skiraste sølv  
han såg om vårt folk vann seg innatt til Gud,  
til arven frå fedrar og heim til seg sjølv  
frå utlegd i danatrøels-skrud

No er han då — lengst — faren heim —  
Me stoggar i tanken ei stund ved hans grav  
i takksemi for tid i ved skulen på Seim,  
og hjelpe han ungdomen gav.

Johs. M. L. Rydland

As alone date X